

Radøy Skyttarlag,  
VKornelius Manger,  
Radøyvegen 1737,  
5936 Manger

Manger den 26/5 2016

Radøy kommune,  
Hovudutval for plan, landbruk og teknisk,  
Radøyvegen 1690,  
5936 Manger.

**Søknad om mindre reguleringsendring sak 006/13.**

Syner til søknad frå Radøy Skyttarlag m vedlegg, datert 12/11-12 og til vedtak i hovudutval for plan, landbruk og teknisk, saksnr. 006/13, 23.01.2013.

Etter samtalar og synfaring saman med Statens Vegvesen og representantar frå Radøy kommune fekk me endra avstand mellom riksveg 411 og parkeringsplass-Stokkedalen Skyteanlegg. Me oppfatta det slik at byggjeforbodssona var endra frå 15 m til 10 m i tråd med det som vart sagt under synfaringa. Laget starta arbeid med tilkomstveg i den tru at endringa som var gjort var reduksjon av avstand frå 15 m til 10 m frå senter veg. Når arbeidet var i gang vart me merksame på at endringa var frå 15 m senter veg til 10 m frå vegskulder, i praksis inga endring.

Me tok opp att dialogen med vegvesenet og byggesaksavd. i kommunen for å få redusert avstand mellom Fylkesveg 411 og tilkomstveg/parkering i tråd med det som munnleg var sagt var uproblematisk. Seinare har me i brev frå vegvesenet, datert 30/6 2015, fått melding om det ikkje er mogeleg å leggja veg/parkeringsplass 10 m frå senter riksveg 411 slik me hadde oppfatta det. I ettertid har me og fått vita at vegvesenet og byggesaksavdelinga var på synfaring i området utan at Radøy Skyttarlag var orientert om dette og at svaret frå vegvesenet datert 30/6 2016 vart skrive etter dette.

I etterkant har me sett at når ein utarbeidde planar for Bøvågen næringspark har byggesaksavdelinga og rådmannen forhandla med vegvesenet og fått redusert avstand mellom fylkesvegen og byggegrense til ca 5 meter.

Etter det me kan sjå er sakene nokså like. Me føler det som ulik handsaming når kommunen i eit tilfelle forhandlar fram ein gunstig avtale for tiltakshavar, og i vår sak ikkje er villig til å hjelpe oss i det heile.


Det vert argumentert med at ein ikkje kan byggja nærmare fylkesvegen enn 10 m frå vegskulder pga trafikktryggleiken. Ved å ta heile arealet som er planert ut mot vegen i bruk, vil me få fleire parkeringsplassar. Det vil gjera trafikktryggleiken betre ved at færre vil parkera langs fylkesvegen når det er mange bilar som skal parkera ved anlegget.

Eit anna effektivt trafikktryggleikstiltak vil vera å redusera hastigheita til 50 km pr. time forbi skyteanlegget. I dag er fartsgrensa 80 km pr. time på staden, men neppe mogeleg å køyra forsvarleg i meir enn 50 km pr time. (Strekninga med 80 km pr time er om lag 900 m lang).

I brev frå Statens vegvesen, datert 30.06.2015 med kopi til Radøy kommune, er det presisert at det er Radøy kommune som har vedtaksmynde i saka. Me vil difor be om at hovudutval for plan, landbruk og teknisk, vurderer saka om avstand mellom Fylkesveg og parkeringsplass for skyteanlegget i Stokkedalen på nytt, og at avstand mellom vegskulder og parkeringsplass vert sett til 5 meter.

Me vonar på eit snarleg positivt svar.

Med helsing  
Radøy Skyttarlag



Kornelius Manger  
Form.

Vedlegg.

Kopi: Ing Taule AS, Kvassnesveien 33, 5914 Isdalstø